



Voldakortet for studentar

Orientering til studentparlamentet i møte 29.03.2023
- evaluering av studentinsentivordninga

Nina Kvalen
spesialrådgjevar



Bakgrunn

Vedtak i kommunestyret 12.12.2019 sak 55/19:

- 1. Kommunestyret ber administrasjonen i samarbeid med Høgskulen, om å kartlegge antal studentar som bur i Volda, som ikkje har folkeregistrert adresse i Volda.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen om å utgreie sak om studenttilskot eller tilsvarande ordningar, etter modell frå til dømes Bodø, Bø, Kristiansand, Stavanger, Ås og Ålesund.*
- 3. Administrasjonen skal i samråd med KS utgreie økonomiske konsekvensar og potensial i ulike modellar.*

Bakgrunn

Vedtak i kommunestyret 18.06.2020:

1. *Kommunestyret vedtek utprøving av insentivordning for studentar som melder flytting til Volda kommune, med ei prøvetid på 3 år.*
2. *Insentivordninga gjeld studentar som kjem frå andre kommunar i Noreg, unnateke nabokommunar og kommunar i sjustjerna.*
4. *Oppstart skal skje så snart det er praktisk mogeleg studieåret 2020/2021.*
5. *Kommunestyret ber administrasjonen om å samkøyre insentivordninga retta mot studentar med Volda Næringsforum og planane som føreligg for etablering av Voldakortet.*
6. *Ordninga skal evaluerast etter prøvetida.*

Bakgrunn

- Studentane er ein ressurs for Volda, og kommunen har ei viktig rolle med omsyn til å stimulere og leggje til rette for auka trivsel for studentane
- Innføring av ei insentivordning vil kunne stimulere til at fleire studentar melder flytting til Volda
- Volda kommune yter tenester til vesentleg fleire enn det vi får inntekter for gjennom inntektssystemet. Tenester til studentane er i stor grad finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunen. At studentane ikkje melder flytting medfører at kommunen kan gå glipp av frie inntekter
- I tillegg til at kommunen kan tilby studentane eit servicetilbod, vil innføring av ei slik ordning også gi kommunen høve til å utnytte mogelegheitene til å få auka inntekter

Statistikk - Voldakortet for studentar

	2020/2021	2021/2022	2022/2023 (pr. d.d.)	SUM
Tal innvilga	553	260	227	1 040
Tal avslag	21	12	5	38
Tal studentar frå andre land	0	15	29	44
Tal kommunar (totalt 356)	145	88	93	-
Tal kommunar i Møre og Romsdal	14	11	14	-
Tal studentar flytta frå kommunar i Møre og Romsdal	104	30	31	165

Aktuelt

- 1 400 av studentane som har fast undervisning kjem frå kommunane utanfor Sunnmøre, og er i målgruppe for ordninga med Voldakortet for studentar
- 1/3 av desse fekk innvilga Voldakortet første prosjektår
- I høve til første prosjektår er det ei halvering av tal studentar som har søkt Voldakortet andre og tredje prosjektår
 - Kvifor?
 - Kor mange nye studentar kjem kvart år?
 - Reduserte inntekter for studentane, lokalt næringsliv og kommunen



Samarbeid mellom Høgskulen, Studentparlamentet og Volda kommune

22.06.2020: Møte mellom Høgskulen i Volda v/prorektor, Studentparlamentet v/leiar, nestleiar, organisasjons-konsulent og prosjektgruppa i Volda kommune (5 tilsette)

Informasjon om kommunestyrevedtaket, Voldakortet med verdi på kr 5 000 som insentiv for å melde flytting, plattformer og informasjonskanalar for å nå ut til studentane, korleis forhindre misbruk av ordninga, kva bukarstader er aktuelle i løysinga.

Studentparlamentet – m.a. innspel om:

- type insentiv
- utvide målgruppa til å omfatte internasjonale studentar

Samarbeid med Volda Næringsforum om bruk av Voldakortet som insentivordning

- Ei gavekort-ordning initiert av Volda Næringsforum for å demme opp mot handelslekasjar og auke handelen i Volda
- Brukarstader: Butikkar, serveringsstader, skisenter, treningssenter, kino, konsertar, tannlege, idrettslag/-anlegg
- 08.07.2020: Brev til Volda Næringsforum frå Volda kommune:
 - *Dersom Voldakortet skal nyttast i insentivordninga overfor studentar må kommunen ha ein garanti frå Volda Næringsforum om at studentane ikkje kan nytte Voldakortet til kjøp av alkoholhaldige varer.*
 - *Kommunen ønskjer også ein garanti om at Voldakortet ikkje kan løysast inn i kontantar, t.d. i samband med retur av varer kjøpt med Voldakortet. Då må verdien av returvarene nyttast til anna handel, ev. førast attende til Voldakortet.*

Informasjon om Voldakortet for studentar

- Heimesida til Volda kommune:
www.volda.kommune.no/sio
- Kan også nåast med QR-kode
- Stand under Fadderveka
- Stand og utdeling av Voldakortet på Berte Kanutte
- Sosiale medier, Studentweb (kommunen, høgskulen)
- Plakatar i studentbustadene
- Roll-up

Vilkår

1. Du må vere heiltidsstudent ved Høgskulen i Volda, ha gyldig studentbevis og betalt semesteravgift.
2. Du må vere norsk eller utanlandsk statsborgar med norsk personnummer, og ha meldt flytting til Volda. Ordninga gjeld ikkje om du flyttar til Volda frå nabokommunar og kommunar på søre Sunnmøre, dvs. frå: Ørsta, Ulstein, Hareid, Herøy, Sande, Vanylven, Stad, Stranda og Stryn.
3. Internasjonale studentar som flyttar til Volda for å studere over fleire studieår, kan søke om Voldakortet for studentar. Du må legge fram dokumentasjon frå Høgskulen i Volda på at du skal studere i Volda over fleire år.
4. Du må ha meldt flytting til Volda i løpet av dei 2 siste studieåra og kunne leggje fram flyttemelding frå skatteetaten med folkeregistrert adresse i Volda.
5. Du kan søke ordninga ein gong.
6. Du pliktar å vere folkeregistrert i Volda kommune under heile studietida ved Høgskulen i Volda.
7. Voldakortet vert utstedt etter framlagt dokumentasjon på meldt flytting og betalt semesteravgift, samt krav i punkt 3.

Kvifor melde flytting?

- Hovudregelen for folkeregistrering er at du skal vere busett i den kommunen og på den adressa der du har mest opphald, men som student kan du sjølv velje om du vil endre folkeregistrert adresse
- Den folkeregistrerte adressa er di offisielle adresse og har verknader for dine rettar og plikter i samfunnet. Treng du ytingar frå det offentlege, er det viktig at du er registrert i den kommunen det gjeld
- Folkeregisteret gir grunnlag for den offentlege statistikken, som er viktig for å utvikle og betre det offentlege tenestetilbodet, også overfor studentar. Studentar nyttar t.d. legevakt, helsestasjon, friluftsansreal, idretts- og kulturtilbod i studiekommunen

Kva fordelar får studentar som melder flytting til Volda?

- Som registrert innbyggjar i Volda kommune får du same rettar som andre innbyggjarar i kommunen
- Du får stemmerett ved lokalval og kan påverke utviklinga i Volda. Det kan føre til auka tilhøyrslø i Voldasamfunnet og ha positive effektar for deg som student og for studiemiljøet
- Du kan få Voldakortet til ein verdi av kr 5 000 som kan nyttast til varekjøp i lokale butikkar, medlemskontingentar, kulturopplevingar, treningssenter, skisenter, kino, konsertar, helseklinikkar, velvære, serveringsstader mv. - i teorien dei fleste stader du kan betale med kortterminal i Volda
- Du treng ikkje bytte fastlege om du melder flytting til Volda
- Flytting har ikkje innverknad på lån og stipend til studentar i høgare utdanning

Kva ulemper får studentar ved å melde flytting til Volda?

- Du vil ikkje ha stemmerett ved lokalval i heimkommunen og kan ikkje påverke utviklinga der
- Du vil ikkje lenger vere omfatta av føresette sine forsikringar som gjeld heimebuande barn

Alternativ:

- *Studentar har høve til å teikne studentmedlemskap i ulike fagforeiningar, og få rimeleg forsikringsspakkar med innbu-, reise-, ulykkes- og uføreforsikring frå kr 1 000 pr. år*
- *Fleire forsikringsselskap sel også rimelege forsikringsspakkar til studentar*

Questback – aktuelle spørsmål

- Har søkt og fått innvilga Voldakortet for studentar:
 - Korleis fekk du informasjon om Voldakortet?
 - Svaralternativ: Av kommunen, høgskulen, Studentparlamentet, medelevar, fadderveka, Volda Næringsforum, anna – ev. kven/kvar?
- Har ikkje søkt om Voldakortet for studentar:
 - Kvifor har du ikkje søkt om Voldakortet for studentar?
 - Svaralternativ: Lojalitet til heimkommunen, ønske om å ha stemmerett i heimkommunen, ønsker ikkje å bli volding, har forsikring gjennom føresette, har nok pengar, visste ikkje om tilbodet med Voldakortet for studentar

Questback – aktuelle spørsmål

- Er det stader du saknar å kunne bruke Voldakortet, ev. kva stader?
- Kva kan vi gjere betre for at fleire studentar skal nytte seg av ordninga med Voldakortet?
 - Søknadsprosess, henting av Voldakortet, praktisk bruk av Voldakortet, tilgjengelegheit, informasjon om ordninga mv.

Questback – aktuelle spørsmål

- Kva synest du om at det ikkje er lov å kjøpe alkohol med Voldakortet?
 - Svaralternativ: Viktig førebyggjande tiltak, hindrar alkoholpress, heilt greitt, inga mening
- Kva vil du som student formidle til politikarane i kommunestyret, når dei no skal avgjere om ordninga med Voldakortet for studentar skal vidareførast eller avviklast?



Innspel til evaluering/questback?

- Epost: nina.kvalen@volda.kommune.no
- Tlf. 913 64 787